

Referat frå årsmøte i Veteranbåtlag Atløy 2017

Stad: Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Tid: Måndag 27. mars 2017 kl. 19:00

Sak 1 **Innkalling og saksliste.** Innkalling var kunngjort i avisene i Sogn og Fjordane.

Årsmøtet godkjende innkalling og saksliste.

Sak 2 **Val av to personer til å skrive under møtereferatet.** Ludvik Sandvik og Karl Johan Moldestad var valt til å skrive under referatet frå årsmøtet.

Sak 3 **Årsmelding.** Sander Ødelien leste opp årsmeldinga, som vart godkjend med etterhald om nokre rettingar før den blir lagt fram for underskriving av styret.

Sak 4 **Rekneskap.** Rekneskap vart gjennomgått og godkjent samrøystes slik det låg føre.

Sak 6 **Val.** Styremedlem Alvdis Grytten Sand og Hans Jørgen Hansen var på val. Hans Jørgen Hansen tok attval, medan Alvdis Grytten Sand gjekk ut av styret. Margrethe Nordal vart vald inn i styret for to år.

Valnemnda, Per Grov, Leif Kvalvik tok attval og Jan Ove Hjelmås gjekk ut av valnemda. Karl Johan Moldestad er ny representant i valnemnda

Vedtak: **Alle framlegg vart samrøystes godkjende.**

Styret vert som vist under.

Styrleiar:	Sander Ødelien, 1 år
------------	----------------------

Styremedlemmer:	Rolf Grønnevik, 1 år
-----------------	----------------------

Ludvig Sandvik, 1 år

Margrethe Nordal, 2 år

Nils Jørgen Hansen, 2 år

Varamedlemmer:	Leif Kvalvik
----------------	--------------

Revisor:	Deloitte
----------	----------

Valnemnd:	Per Grov, Leif Kvalvik og Karl Johan Moldestad
-----------	--

Florø 27. mars 2017

Berit Høivik
skrivar

Karl Johan Moldestad

Ludvik Sandvik